



Fiskemerke frå tidleg 1950 talet, eit kulturminne i dag som bør stå eller takast vare på.

Dersom du går på Strandavegen i Stølavikjo, har du sikkert lagt merke til ei jarnstong med ei pil, bolta fast i ein stein i stranda. Det er i stranda mellom Terje Myklebust (før Torolf Myklebust) sitt naust og Sandakaien, like ved der Lønningsdalskaien var. Grunneigar er familien Eldbjørg Sivertsvoll. Kva skilt er dette ? Uskedalen.no har funne svaret etter samtale med viktige kjelder.

Birger Myklebust er ikkje i tvil. Det er eit fiskemerke som synte kor det var forbod for fiske nær elvosen. Det andre skiltet stod i stranda i Buasvingen, om lag der Nils Bjarne Eik har sjøhus i dag. Avstanden frå elvosen var 200 - 300 meter.

Terje Myklebust fortel det same. Han hugsar godt skiltet like ved der bestefar og far hans hadde naust.

Steinar Myklebust (f. 1939) fortel i detalj om fiskemerka. Så langt tilbake han minnest, var forbodssona merka med to pinnar. Den eine stod på Grandatåo, ei grunne som gjekk om lag 60 meter ut frå noveranda Sandakai, og ein pinne stod i stranda der Karl Eik hadde sitt naust på Eikelandet, nøyaktig nedom huset der Gunnbjørg og Magne Eik bur i dag.

Neste steg var fiskemerke på jarnstong slik vi ser det i stranda på Sanden i dag. Det kan vera frå tidleg 1950 talet. I fisketida 1. mai til ut i september var det ikkje lov å fiska innom denne grensa. Det var ikkje lov å fiska med garn eller kasta med not. Dorga gjekk fint. Fridtjof Sunde var oppsynsmann.

Det var Gunnar Flatebø som iverksette desse tiltaka, truleg fordi han var ein ivrig friluftsmann og representerte Jeger- og fiskeforeningen. Den same Flatebø var mannen bak at det vart bygd ei jakthytte ved Blådalsvatnet. Ved SKL si kraftutbygging vart hytta flytta lenger inn i dalføret.

I dag er merkinga flytta lenger ut. Fylkesmannen si merking er på Holmen og på Børneset.

Dersom du veit meir om fiskemerke i Uskedalen, er redaksjonen takksam for innspel og informasjon.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Arvid Hjelmeland/Kristian Bringedal